

Melding – Radøy vindpark



Forord

Vestavind Kraft AS arbeider med planer om å etablere ein vindpark i Radøy kommune. Nordvest i kommunen - mellom Bøvågen og Fesøysundet – er det aktuelt å sette opp 10-20 vindturbinar med ein total installert effekt på opp til 40 MW.

Nettilknyting til parken vil skje via ny 45 eller 132kV kraftleidning fram til Kartveit transformatorstasjon.

Innhald

Forord	- 1 -
Innhald	- 2 -
1. Innleiing.....	- 3 -
1.1 Bakgrunn.....	- 3 -
1.2. Formål med meldinga	- 3 -
1.3. Presentasjon av tiltakshavar.....	- 3 -
2. Lokalisering	- 4 -
2.1. Kriteria for val av lokalitet	- 4 -
2.2. Radøy kommune.....	- 4 -
2.3. Eigedomsforhold.....	- 5 -
2.4. Offentlege planer	- 5 -
3. Lovgrunnlag og sakshandsaming	- 7 -
3.1 Lovgrunnlag for melding og nødvendige løyve	- 7 -
3.2 Sakshandsaming	- 7 -
3.3 Framdriftsplan.....	- 7 -
4. Vindkraftanlegg	- 9 -
4.1. Generelt.....	- 9 -
4.2. Vindturbinar.....	- 9 -
4.3. Radøy vindpark.....	- 10 -
4.4. Infrastruktur og nettilknytning.....	- 10 -
4.5. Drift av anlegget	- 11 -
4.6. Produksjonsdata og økonomi.....	- 11 -
5 Vurdering av konsekvensar av vindkraftverk.....	- 12 -
5.1. Generelt.....	- 12 -
5.2. Visuell påverknad	- 12 -
5.3. Landskap og friluftsinteresser.....	- 12 -
5.4. Kulturmiljø og kulturminne.....	- 12 -
5.5. Flora og fauna	- 13 -
5.6. Landbruk.....	- 13 -
5.7. Støy og forureining	- 13 -
5.8. Forsvarsinteresser og luftfart	- 14 -
5.9. Samfunnsmessige verknader	- 14 -
5.10. Andre interesser	- 14 -
6. Forslag til utgreiingsprogram	- 15 -
6.1. Generelt.....	- 15 -
6.2. Utgreiingsemne og problemstilling	- 15 -
6.2.1. Landskap, kulturminne/kulturmiljø og friluftsliv	- 15 -
6.2.2. Flora og fauna	- 16 -
6.2.3. Støy	- 16 -
6.2.4. Annan arealbruk	- 16 -
6.2.5. Verknader for samfunnet	- 16 -
6.2.6. Infrastruktur.....	- 16 -
6.2.7. Nettilknytning.....	- 16 -
6.3. Gjennomføring av konsekvensutgreiinga	- 17 -

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Norske styresmakter har dei siste åra gjeve uttrykk for eit ynskje om auka satsing på fornybare energikjelder for å betre kraftballansen her i landet. Av dei fornybare kjeldene er vindkraft vurdert til å vere mellom dei mest økonomisk interessante, med eit stort utbyggingspotensiale i Noreg. I Stortingsmelding 29 (1998-99) er det sett som mål å bygge ut ein produksjonskapasitet basert på vindkraft på 3 TWh/år innan 2010.

EU har i sitt RES-direktiv frå 2001 sett som mål å doble andelen fornybar kraftproduksjon innan 2010. Ein trur store deler av denne auken vil kome frå vindkraft.

Vestavind Kraft AS ynskjer å vere ein aktør i utbygginga av ny fornybar energi i Noreg. Denne meldinga syner førebelse planer for ein vindpark i Radøy kommune i Hordaland.

1.2. Formål med meldinga

Formålet med meldinga er å informere lokale og regionale styresmakter, organisasjonar og folket i området om at planlegginga av eit vindkraftanlegg har starta. Gjennom meldinga vil desse bli kjende med utbyggingsplanane og kunne medverke til utforminga av eit program for utgreiingar det er nødvendig å gjennomføre for å klargjere verknadene av den aktuelle utbygginga.

Utgreiingsprogrammet vil danne grunnlag for konsekvensutgreiinga som utbygger skal sende saman med konsesjonssøknad på eit seinare tidspunkt.

1.3. Presentasjon av tiltakshavar

Vestavind Kraft AS er eigd av selskapa i Vestlandsalliansen som består av Haugaland Kraft, Sunnhordland Kraftlag, BKK, Sognekraft, Sunnfjord Energi, Sogn og Fjordane Energi og Tafjord Kraft. Aktivitetsområde vil vere Vestlandet, med Haugalandet i sør og Sunnmøre i nord, og føremålet med selskapet er å utvikle, bygge, eige og drive vindkraftanlegg.

Vestavind Kraft AS har lokal forankring og gjennom eigarselskapa lange tradisjonar som produsentar av fornybar energi og distributørar av elektrisk kraft.

2. Lokalisering

2.1. Kriteria for val av lokalitet

Ved lokalisering av ein vindpark er følgjande faktorar spesielt viktige:

- gode vindressursar og moderate produksjonskostnader
- anlegget må vere over ein viss minimumsstørrelse
- gunstig plassering i forhold til eksisterande infrastruktur
- akseptable nærverknader sett frå bustader, område for friluftsliv, med meir.
- utbygginga skal ikkje vere i sterk konflikt med viktige kulturlandskap, naturområde, sårbare landskap eller artar

2.2. Radøy kommune

Radøy kommune ligg om lag 40 km nord for Bergen og sentralt i Nordhordland. I alt består kommunen av 269 små og store øyer, og hovudøya har brusamband til Bergen via Lindås og Meland. Kommunen har om lag 4600 innbyggjarar. Busetnaden er spreidd, men mest konsentrert rundt kommunesenteret Manger og dessutan Austmarka og Bøvågen. Det totale arealet i kommunen er på 110 km², og høgste punktet er Morkenfjellet på 217 moh.

Radøy vert ofte kalla den grønne øya, og om lag 24% av totalarealet er jordbruksareal. I tillegg er rundt 20% av arealet er dekt av planteskog. Mellom Kvalheimsvatnet og Mykingvatnet ligg ei av dei største samanhengande låglandsmyrane i Hordaland – populært kalla "Havet".

Området aktuelt for vindkraftutbygging, ligg nord i kommunen, mellom Bøvågen og Fesøy.



Figur 1: Oversiktskart Nordhordland


2.3. Egedomsforhold

Det aktuelle utbyggingsområdet er i privat eige. Formell avtale om leige av grunnen i samband med bygging og drift av vindkraftverket vil bli utarbeidd i samråd med grunneigarane, og ein vil så langt det er råd søke å oppnå minnelege avtalar med grunneigarane.

2.4. Offentlige planer

I gjeldande kommuneplan (Radøy kommune (2005), Kommuneplan 2005-2017, Arealdelen) er det aktuelle området sett til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område).

Ei kondensat-/gassrørledning er regulert inn – men ikkje bygd - gjennom området, på veg mellom Kollsnes i Øygarden og Mongstad i Lindås/Austrheim. BKK Nett AS har sendt melding til NVE om sine planer for ei/ein 300kV luftledning/kabel mellom Kollsnes og Mongstad, i samband med Statoil Mongstad sin konsesjonssøknad for kraftvarmeverk på Mongstad.




Figur 2: Kommuneplanen sin arealdel 2005 – 2017, Radøy kommune

Hordaland Fylkeskommune har utarbeidd ein eigen fylkesdelplan for vindkraft, der det er sett opp ulike konkrete mål for utviklinga av vindkraft i fylket. Her heiter det mellom anna:

- "Det skal byggast ut vindkraft i Hordaland
- Areal med godt energipotensial og lågt konfliktnivå skal prioriterast
- Det skal produserast 300 GWh frå vindkraft i Hordaland innan 2010 (1/10 av det nasjonale målet om 3 TWh)"

Til no er det søkt konsesjon om meir enn 420 GWh i Hordaland.

Under viser resultatet frå fylkesdelplanen.



Figur 3: Vindressurs- og konfliktkartlegging for Radøy, frå Fylkesdelplan for vindkraft i Hordaland

Selskapet Gefion Engineering AS gjekk tidlegare i sommar ut i lokal presse om eigne planer om vindkraftutbygging i området.

Vi kjenner ikkje til at det ligg føre andre offentlege planer eller pågår andre offentlege prosessar som kan påverke bruken av området til vindkraftføremål.

3. Lovgrunnlag og sakshandsaming

3.1 Lovgrunnlag for melding og nødvendige løyve

Det planlagde tiltaket omfattar både vindturbinar, trafostasjonar og høgspenkablar, og er konsesjonspliktig etter §3-1 i Energilova.

Tiltaket skal meldast og konsekvensutgreiast etter Plan- og bygningslova, samt forskrift om konsekvensutgreiingar fastsett 1. april 2005.

Vindkraftverk kan også verte handsama etter andre lover: Vindmøllestøy skal handsamast etter Forureiningslova, og Kulturminnelova pålegg tiltakshavar å undersøke om tiltaket verkar inn på automatisk freda kulturminne. Dersom vindmøller vert planlagde i verneområde, skal saka vurderast etter Naturvernlova. I tillegg kan tiltaket krevje godkjenning etter Jordlova, Skoglova, Kommune helselova, Veglova og Grannelova.

3.2 Sakshandsaming

Denne meldinga bygger på eksisterande, offentleg tilgjengeleg dokumentasjon så langt den er kjend for tiltakshavar. Under utarbeidinga av meldinga har tiltakshavar teke kontakt med grunneigarane i området og Radøy kommune.

Meldinga med framlegg til konsekvensutgreiingsprogram (KU-program) vert send Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE, som er konsesjonsstyresmakt. Meldinga med utkast til KU-program skal sendast på høyring i tre månader, og på grunnlag av forslaget frå tiltakshavar, innkomne merknader og eigne vurderingar fastset NVE eit endeleg KU-program. NVE vil stå for ei offentleg høyring av meldinga, og vil i det høve arrangere møter med lokale og regionale styresmakter, samt eit offentleg møte.

Når KU er gjennomført, vert den – saman med konsesjonssøknaden – sendt på høyring til alle relevante partar i tre månader. Deretter avgjer NVE om utgreiingsplikta er oppfylt, og fattar til sist eit konsesjonsvedtak.

3.3 Framdriftsplan

Vestavind Kraft AS vil gjennomføre konsekvensutgreiinga i samsvar med fastsett KU-program. Konsekvensutgreiinga vert sendt NVE for vidare handsaming saman med konsesjonssøknaden etter Energilova §3-1. Søknaden vil også gjelde nødvendig tilknytning til eksisterande nett. Søknad utarbeidd i samsvar med Energilova vil, saman med konsekvensutgreiinga, bli send på høyring til involverte styresmakter, organisasjonar og grunneigarar.

Radøy kommune kan bestemme om og på kva måte dei ynskjer kommunal planhandsaming utover dette. Kommunen kan krevje utarbeiding av ny kommunedelplan og/eller reguleringsplan, men kan også gje dispensasjon frå gjeldande planer. For anlegg som krev konsekvensutgreiing, vert det ikkje kravd eigen byggesøknad.

Tiltakshavar sitt forslag til framdriftsplan for plan- og løyveprosessen er vist på neste side.

Aktivitet	2007	2008	2009	2010
Høyring av meldinga				
Konsekvens-utgreiing				
Handsaming av søknad				
Planlegging og prosjektering				
Bygging				

4. Vindkraftanlegg

4.1. Generelt

Eit vindkraftverk kan bestå av ein einskild vindturbin eller fleire turbinar som opptre som ein samla produksjonseining.

Eit vindkraftverk omfattar vindparken, som er området vindturbinane er plasserte, men også nødvendig infrastruktur for å bygge og drive vindkraftanlegget. Dette inkluderer ein oppstillingsplass ved kvar turbin, veg fram til kvar oppstillingsplass og jordkablar frå turbinane til ein transformatorstasjon.

Vindturbinar må plasserast på ein slik måte at ein får nytta den totale vindressursen i området best mogleg. I Noreg er det vanleg med 7-20 turbinar per km², alt etter storleiken på turbinane.

Overføringskapasiteten på det overordna kraftnettet nær planområdet kan avgrense storleiken på parken. Område med gode vindtilhøve viser seg ofte å ligge eit stykke frå sterke overføringslinjer.

Nærare informasjon om vindparker er å finne i NVE-rapport 19/98.

4.2. Vindturbinar

Vindturbinar for produksjon av elektrisk kraft (vindmøller) består av tårn, maskinhus og venger. Maskinhuset er plassert på toppen av tårnet. Vengene dreier seg automatisk opp mot vinden under kraftproduksjon, for å få maksimal utnytting av vinden.

På Radøy er det mest aktuelt å nytte turbinar i storleik 2-4 MW.

Tårn

Høgda på tårnet vil vere på mellom 70 og 110 meter. Tårnet er oftast i stål, og har form som ein konisk sylinder med nedre diameter i overkant av 4 meter. På toppen av tårnet vert maskinhuset montert, og i botnen vert ein transformator med tilknytning til ekstern kabel. Tårnet veg normalt mellom 50-250 tonn, og kjem normalt i 2-4 seksjonar.

Maskinhus

I maskinhuset står rotoren som vert driven av vengene, oftast via eit gir. Maskinhuset vert automatisk retta opp mot vindretninga. Vekta ligg gjerne mellom 20 og 70 tonn.

Rotor

Vindturbinane har normalt tre vridbare venger som regulerast/vridast optimalt etter vinden. Rotoren er festa til ein horisontal hovedaksling som driv generatoren i maskinhuset. Rotoren roterer oftast 10-20 gonger i minuttet og veg mellom 10-40 tonn. Rotordiameteren er oftast i same området som høgda på tårnet.

Fundament

Vindturbinen er festa til bakken med eit solid fundament. Utforminga er avhengig av mellom anna grunntilhøva, men forankring i grunnfjell er føretrekt.

Dei ulike turbinane er i hovudsak like frå utsida, og vert leverte i lyse fargar, etter pålegg frå luftfartsstyresmaktene.


Dersom det er ønskjeleg med meir informasjon om vindturbinar, kan denne internettsida anbefalast: www.windpower.org

4.3. Radøy vindpark

Områda på Radøy er vurderte på grunnlag av kunnskap om vindforholda og analyser av desse i høve til topografien. Området er vurdert til å romme 10-20 turbinar med total yteevne på rundt 40 MW.

Turbinstorleik og tal på turbinar, leverandør av desse, samt vegtrasé inne i parken, vil ikkje bli endeleg avgjort før konsesjon er gitt og bygging er vedteke. Rundt kvar turbin vil ein trenge eit areal på om lag ein dekar til kranoppstilling ved montering.

Det aktuelle vindparkområdet på Radøy ligg i eit større område mellom Bøvågen og Fesøy.



Figur 4: Plassering av vindpark i Radøy

Turbinane må plasserast på høgdedrag i terrenget, i forhold til framherskande vindretning og med visse avstandar innbyrdes i parken; dette for å utnytte vinden best mogleg, og for å unngå at turbinane påverkar kvarandre i for stor grad.

Normalt vil turbinane måtte ha ei minimumsavstand på om lag 700 meter i hovudvindretninga, og rundt 300 sidevegen.

4.4. Infrastruktur og nettilknytning

I Radøy er det i dag ingen kraftproduksjon. Kommunen blir forsynt via transformatorstasjonane på Kartveit, Seim og Mongstad, og deretter gjennom 22kV fordelingsnett.

Innanfor det melde området kan det byggast mellom 10 og 20 turbinar, avhengig av størrelse på turbinane. Frå kvar turbin må det leggst leidningar til eit sentralt samlingspunkt, og vidare til Kartveit transformatorstasjon der straumen vert mata inn på 132kV nettet. Transformatorstasjonen må truleg oppgraderast til dette formålet.

Ved kvar vindturbin trengs ein oppstillingsplass og tilkomstveg som vert nytta ved oppbygginga av turbinen. I tillegg vil det vere naudsynt med kai og tilfredstillande transportveg fram til parken. Vegane som må byggast mellom vindturbinane inne i parken må vere minst 5 m breie og må tole akseltrykk på opp til 17 tonn.

Endeleg utforming av parken, med plassering av turbinar og vegar, kan først gjerast etter at leverandør av vindturbinar er valt.

4.5. Drift av anlegget

Drifta av ein vindpark vert styrt automatisk ved hjelp av datamaskiner i kvar turbin. I tillegg vert driftssignal kontinuerleg overført til ein sentral eining i servicebygget til vindparken, og ein driftssentral hjå driftsselskapet. Kvar turbin har utstyr for å måle vindstyrke og vindretning, og informasjonen frå desse instrumenta vert brukt til den automatiske styringa av turbinane. Turbinane er også utstyrte med automatisk effektregulering for å optimalisere drifta og unngå overbelasting.

Det vil vere 2-4 personar knytte til drifta av vindparken, avhengig av type og talet på turbinar. I samband med drift av vindturbinar, er det vanleg å utføre rutinemessig service to gonger om året, høvesvis ein gong om våren og ein om hausten.

4.6. Produksjonsdata og økonomi

Ein vindturbin produserer elektrisk kraft når vindhastigheita er på mellom ca 4 m/s og 25 m/s. Førebelse målingar og berekningar tilseier at vindforholda på Radøy er tilstrekkeleg gode.

Berekna produksjon ved installering av 35MW er kring 80GWh/år (1GWh/år = 1 000 000 kWh/år), dette tilsvarar gjennomsnittleg årleg straumforbruk for om lag 3 200 bustader.

Tufta på røynsler frå dei siste vindkraftprosjekta er det venta ei investering på om lag 320 MNOK.

5 Vurdering av konsekvensar av vindkraftverk

5.1. Generelt

Oppretting av ein vindpark med naudsynt infrastruktur og nettilknytning vil føre til inngrep og konsekvensar for natur og miljø: Her i landet vert vindparkar ofte planlagt i område som stort sett har vore frie for større inngrep. Vindkraftverk utnyttar ei lokal, fornybar energikjelde, og for kvar miljøvenleg kWh produsert, vert behovet for andre energikjelder redusert.

Styresmaktene har sett som mål at det skal produserast 3 TWh/år (3000 GWh) vindkraft her i landet innan 2010, og ein vindkraftpark på Radøy vil bidra til å nå dette målet. Sidan vindtilhøva er gode på Radøy, er det samfunnsmessig og miljømessig viktig å greie ut om området kan nyttast til vindkraftproduksjon.

5.2. Visuell påverknad

Grunna gode vindforhold vert vindparkar lagt til relativt flate eller høgareliggande område. Dette fører til at ein kan sjå dei. Området vil skifte karakter, og kanskje også endre bruksområde.

Avstand er eit viktig moment ved vindkraftbygging. Ein skil mellom ulike influensområde for visuell påverking i forhold til vindkraft: Sjølv om ein vil kunne sjå vindturbinane på avstand, avtek verknaden mykje med avstand.

Sjølv om turbinane vert sette opp langt frå busetnad, er det store element som utan tvil vil påverke omgjevnadene. For å gje eit inntrykk av korleis ei vindkraftutbygging vil påverke oppfattinga av landskapet, vil alternativ utbygging bli visualisert ved hjelp av fotorealistiske teknikkar. I samarbeid med kommune og lokale krefter vil det verte valt ut fleire fotopunkt for visualisering av utbygginga.

5.3. Landskap og friluftssinteresser

Kystlinja i Radøy er låg og sterkt oppskoren. Hovudøya er smal, og høgaste punktet er knappe 200 moh. Landskapet er sterkt prega av Bergensbogane, slik at mange lange slanke åsar går i nordvestleg retning. I søkk og "dalar" finn ein store myrar og vatn. Ei utbygging vil forandre oppfattinga av landskapet; installasjonane er store, og vil vere synlege, også på avstand.

Ei utbygging vil omfatte ein god del av det samla arealet, men samstundes vert også arealet lettare tilgjengeleg, og kan såleis nyttast av fleire grupper. Vegane i parken vil kunne nyttast som turvegar for syklistar og fotgjengarar. Motorisert ferdsel vil ikkje vere lov, og tilførselsvegar til vindparken vil vere stengde med bom.

Ising på vengene til vindturbinane kan ved svært spesielle verforhold vere eit problem. Ein kan då oppleve iskasting frå turbinvengene. Grunna stabile, høge temperaturar vil dette truleg svært sjeldan skape problem på Radøy. Vindparken vil likevel bli skilta.

5.4. Kulturmiljø og kulturminne

Ei vindkraftutbygging kan forandre bruken av utbyggingsområdet på fleire vis, og kan også kome i konflikt med kulturminne i området. Dette kan ein unngå ved undersøkingar i KU-prosessen, og ved plantilpassing.

Radøy kommune har eit rikt kulturlandskap med småskala landbruk, mykje jordbruksareal (hovudsakleg innmarksbeite og grasmark) og planta skog. På nokre av øyene i vest finn ein lynchhei, og ei av dei største, samanhengande låglandsmyrane i Hordaland ligg ved Kvalheim. Fleire myrområder vart i tidlegare tider nytta til torvuttak.

Vestnorsk utvandringssenter held til på Sletta i Radøy. Som eit monument over utvandra nordmenn, blei mellom anna ei emigrantkyrkje henta frå Nord Dakota i USA i 1996. Bogatunet har gardshus frå 1600-talet. Korleis ei utbygging kan påverke desse og andre kulturminne, samt reiseliv og turisme, vil vi søke å gje svar på i konsekvensutgreiinga.



Figur 5: Emigrantkyrkja på Sletta (frå Vestnorsk Utvandringssenter)

5.5. Flora og fauna

Det er gjort eit omfattande kartleggingsarbeid av naturtypar og vilt i Radøy kommune. Nokre av artane registrerte på øya er raudelista, og påverknad på desse vil bli grundig behandla i konsekvensutgreiinga. Konsekvens for flora vil først og fremst vere bygging av anleggsvegar og oppstillingsplass. Det er ikkje venta at konsekvensane vil vere svært store for flora.

Deler av tiltaksområdet er registrert som viktig beiteområde for hjort. Normalt vil jakt kunne fortsette tilnærma som før etter anleggsperioden er ferdig, men i enkelte tilfelle har ein registrert at dyra har endra vaner som følgje av ei vindkraftutbygging.

5.6. Landbruk

Jordbruksarealet utgjer om lag ¼ av totalarealet i kommunen, og dette er mykje i vestnorsk målestokk. Ei utbygging vil bli lagt i god avstand til busetnad og dermed det meste av innmark. Sjølv utbygginga, med oppstillingsplass og vegar, vil berre legge beslag på nokre få prosent av området, så mykje av bruken (som til dømes beiting) kan fortsette tilnærma som før etter anleggsperioden. Eventuelle konsekvensar for landbruk skal gjennomgåast i KU-prosessen.

5.7. Støy og forureining

Vindturbinar i drift vil lage to typar støy: Frå bevegelsen i vingane og frå generatoren. Lyden vil vere døgnkontinuerleg så lenge vinden tillet det.

SFT har utarbeida retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, og desse vil bli nytta i planlegginga. Her heiter det mellom anna at støynivået skal årsmidlast, og ikkje døgnmidlast som tidlegare. Dersom støyen overskrider 45dB ved næraste bustad er det opp til kommunen å vurdere støysituasjonen. Bustader som ligg i vindskuggen vil vere mest utsette for støy.

Vindparken gjev ikkje utslepp av noko slag under produksjon, og det er heller ikkje miljøskadelege utslepp knytte til anleggs- og byggefasen av prosjektet, om ein ser vekk frå vanleg eksos frå transport.

5.8. Forsvarsinteresser og luftfart

Tiltakshavar kjenner ikkje til moglege konfliktpunkt i forhold til luftfart eller forsvaret. I KU-prosessen vil slike partar kunne uttale seg og eventuelle konflikter med forsvaret sine installasjonar bli utgreia.

5.9. Samfunnsmessige verknader

Viktigaste samfunnsmessige verknaden av ei vindparketablering på Radøy, vil vere at ein tek i bruk ein rein, fornybar ressurs til lokal energiproduksjon. Det tyder ny etablering av næring i kommunen, som gjev inntekt på linje med anna næringsverksemd. Vindparken vil ha ringverknader for grunneigarar i samband med leige av grunn.

For å drifte vindparken trengs det arbeidskraft på 1-3 årsverk – alt etter størrelsen på parken - i form av teknisk personell.

Utbyggjarperioden gjev rom for leveransar av lokale varer og tenester. Først og fremst vil dette gjelde anleggsarbeid med veg og liknande. Turbinane vil bli leverte ferdige frå produsent.

I samband med utbygginga vil det vere naudsynt med noko betra og ny infrastruktur.

5.10. Andre interesser

Det ligg ikkje føre informasjon som tyder på kjelder til konflikt i samband med andre næringsinteresser i området. Tiltakshavar går ut frå at Radøy kommune og relevante partar sjølve vil legge fram sine syn under høyringa av denne saka.

6. Forslag til utgreiingsprogram

6.1. Generelt

Denne meldinga skal danne grunnlaget for ei konsekvensutgreiing som skal følge konsesjonssøknaden om utbygging av vindkraft på Radøy. Konsekvensutgreiinga skal kartlegge verknadene det planlagde tiltaket vil ha for miljø, naturressursar og samfunn, og sjå på tiltak som kan gjennomførast for å redusere konsekvensane av utbygginga, såkalla avbøtande tiltak.

Nedanfor fylgjer tiltakshavar sitt forslag til utgreiingsprogram, tufta på gjeldande informasjon om området. Endeleg utgreiingsprogram vil bli fastsett av NVE i samråd med Miljøverndepartementet, etter at kommentarar til denne meldinga er mottekne.

Forslaget til utgreiingsprogram bygger på erfaringar frå tidlegare konsekvensutgreiingar av vindkraftanlegg i Noreg.

6.2. Utgreiingsemne og problemstilling

6.2.1. Landskap, kulturminne/kulturmiljø og friluftsliv

Landskap

Landskapet i planområdet vil bli skildra, med omtale av landskapstype, geologi og landskapsformer, samt korleis tiltaket vil påverke landskapsopplevinga.

Utbygginga skal visualiserast med fotorealistiske teknikkar frå fleire representative stader, for å illustrere nær- og fjernverknader. Fotostandpunkt vil bli fastsette i samarbeid med lokale styresmakter.

Kulturminne

Fylkesmannen og lokalkjende organisasjonar vil bli kontakta, og opplysningar frå eksisterande data vil bli henta inn for å finne ut om det er kulturminne i planområdet eller areal planlagt nytta til nett-tilknytting eller infrastruktur. Dersom slike finst, vil dei bli skildra og viste på kart, som grunnleg for seinare vurdering av kva som skal gjerast i samband med dei.

Friluftsliv og ferdsel

Dagens bruk av planområdet og tilgreinsande område vil bli skildra. Informasjon vil bli henta inn frå kommunen, organisasjonar, fylkesmannen si miljøvernavdeling og fylkesmannen. Verknad på jakt og ferdsel i området etter ei vindkraftutbygging vil bli gjort greie for. Det vil også bli gjort greie for eventuelle avbøtande tiltak.

Urørte naturområde

Særskilde kvalitetar knytte til urørte naturområde vil bli omtala kort.

6.2.2. Flora og fauna

Ei oversiktleg skildring av vegetasjon og naturtypar i planområdet skal utarbeidast. Raudlista fugleartar og deira spesielt verdifulle biotopar og trekkruiter skal skildrast, og likeeins effektane tiltaket er venta å få i anleggs- og driftsfasar. Avbøtande tiltak skal diskuterast.

For jaktbart vilt skal konsekvensane likeeins gjennomgåast, og avbøtande tiltak diskuterast.

Arbeidet vil i stor grad bygge på informasjon frå miljøvernavdelinga til fylkesmannen og informasjon frå lokale organisasjonar og lag. Det vil òg bli teke kontakt med Norsk Ornitologisk foreining, for å sikre god informasjon om eventuelle raudlisteartar.

6.2.3. Støy

Med basis i aktuelle utformingsalternativ for vindparken skal det utarbeidast kart som viser støyutbreiing i området. Utgangspunktet for berekningane er standard rekneverkty for vindbransjen med ein representativ turbin som døme. Støykartet vil peike på område med ulike støynivå.

6.2.4. Annan arealbruk

Avklaringar i samband med kommuneplanen vil vere ein del av utgreiinga.

6.2.5. Verknader for samfunnet

Det vil bli utgreidd kva konsekvensar ein kan vente seg i form av sysselsetting og verdiskaping, både på lokalt og regionalt nivå. Verknader både i anleggs- og driftsfasen vil bli vurderte.

Eventuelle konflikhtar med forsvarsinteresser, kystverket og helikoptertrafikk (Luftfartstilsynet) skal avklarast.

6.2.6. Infrastruktur

Aktuelle alternativ for vegtrasé inn i parken, samt trasé internt i parken, visast på kart. Nødvendige bygg og installasjonar knytte til infrastruktur utgreiast. Transportmessige tilhøve i anleggsfasen skildrast, i høve til krav om tåleevne for vegar, kaier og liknande.

6.2.7. Nettilknytning

Aktuelle alternativ for linje/kabeltrasé visast på kart. I tilfelle ny linje er naudsynt, vert denne visualisert. Aktuelle løysingar for tilknytning skildrast ut frå miljømessige, økonomiske og tekniske omsyn. Tilknytingspunkt, spenningsnivå, alternative kabel-/linjetypar og mastetypar vert tekne med i vurderinga.

Dei visuelle verknadene i kombinasjon med den planlagde 300kV kraftleidninga Kollsnes-Mongstad skal behandlast.

6.3. Gjennomføring av konsekvensutgreiinga

Konsekvensutgreiinga vil bli gjennomført i regi av Vestavind Kraft AS, men nokre tema vil bli utført av uavhengige konsulentar eller fagmiljø. For nokre tema kan det verte aktuelt å utarbeide eigne fagrapportar.

For kvart emne vil verknadene av alle elementa som inngår i vindkraftverket bli utgreia. Dette medfører at konsekvensane av vegtilknyting og nettilknyting vil bli handsama saman med plasseringa av vindturbinane og vegnettet i parken.

Eit samandrag av konsekvensane av utbygginga av ein vindpark på Radøy vil bli ein del av innhaldet i den konsekvensutgreiinga som skal følgje søknaden om konsesjon.

"vi søker vekst og utvikling gjennom utnyttning av lokale ressursar og fordeler"

Vestavind Kraft satsar aktivt på utvikling av fornybar energi. Den planlagde vindparken på Radøy er eit ledd i satsinga vår på vindkraft.

Vestlandet er Vestavind sin arena -
vi er plasserte i eit område svært rikt på natur og ressursar.

Meldinga vil vere tilgjengeleg på desse nettstadene:

<http://www.nve.no>

<http://www.bkk.no>

<http://www.vestavindkraft.no>

Meir informasjon:

Meldinga er tilgjengeleg hjå kommunen under høyringsperioden.

Informasjon om saksgang får ein ved å kontakte NVE.

Meir informasjon om utbyggingsplanane får ein ved å vende seg til:

Vestavind Kraft AS
Bukta
6823 Sandane
Tlf 57 88 47 00

Kontaktpersonar:
Håkon Sandvik
Jostein Matre
Astrid Håvik